

## Løn å leve av

Etter fleire år med nulloppgjjer og moderate lønsoppgjjer, lågare kjøpekraft som følgje av sterk prisvekst, auka straumprisar og venta auka rente er det no på tide med eit lønsoppgjjer som monnar. Det er viktig at vi stiller oss bak kronekrav og ikkje prosentkrav i tillegg til krav om ekstra lønsvekst for låglønsgrupper for å jamne ut lønsforskjellar.

Etter snart to år med pandemi har vi fått sett kva for yrkesgrupper som har vore særst viktige og ikkje minst utsette for koronapandemien, bla. helsearbeidarar, reinhaldarar og tilsette i skular og barnehagar. Ute i distrikta, men òg i sentrale strøk, er det mangel på fagkompetanse, særleg sjukepleiarar. For at ungdom skal ønskje å utdanne seg innan yrke der det er mangel på fagfolk rundt om i landet, og for å kunne behalde fagfolk med kompetanse, er det viktig med løner folk kan leve av og bedre arbeidsvilkår. Det må også vere nok tilsette på jobb til ein kvar tid for td. å sleppe stoppeklokka i helsevesenet og tid til å følgje opp enkeltbarn og elevar i barnehagar og skolar.

Møre og Romsdal SV ønskjer slike prioriteringar i årets lønsoppgjjer:

- Sentrale lønsoppgjjer for å behalde streikeretten.
- Reallønsvekst
- Kronetillegg framfor prosenttillegg for ikkje å auke forskjellane
- Bedre arbeidsvilkår for å rekruttere og behalde tilsette med kompetanse ein treng.
- Bedre tilbod om vidare- og etterutdanning.
- Tillitsreform
- Fulltidsstillingar
- 6-timarsdag
- Likeløn

Møre og Romsdal SV

Sendast til media i forkant av lønsoppgjeret (mars/ april)